

Akustikkproblemet kan løysast

03.04.2012



Det vart montert plater i heile taket

**Mange har i fleire år klaga over akustikkproblemet i Gamleskulen og Vertshuset - no Systrene Nilsen. Det er ingen ynskje-situasjon å måtte ropa til kvarandre opptil ein heil kveld og ei løysing er etterlyst. No er løysinga truleg funnen i form av takplater, slike som er montert med hell i Zjakk frisersalong.**

Klara Bakke beskriv tilhøva med omsyn til lyden som grusomme før platene vart montert. Det var ikkje mogeleg å føra ein normal samtale i salongen som også er sterkt berørt av trafikkstøy.

Klara innhenta råd hjå lokale ekspertar som rådde til montering av plater i taket. og det vart gjort. 2 mann utførte jobben på ei helg og prisen vart 10 000 kroner. No går det an å snakke normalt i heile lokalet.

Berit Harriet Døssland i Gamleskulen opplyser at dei kjenner til løysinga med plater og at dei har innhenta prisar. Det vil truleg ikkje vere lenge før plater blir montert også i Gamleskulen.

Kanskje følger dei det same rådet i restauranten?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Platene i taket gjorde underverker

